

Informasjon til regionutval Nord-Norge

28.06.17

Oppfølgingsrapportar frå krets- og regionutvalsmøta

Vedlagt ligg oppfølgingsrapportane frå saker som vart tatt opp på krets- og regionutvalsmøta, og som er oppfølgt så langt. Ber om at de gjev tilbakemelding til medlemmane i kretsen på aktuelle saker.

Handlingsplanar for kretsane

Frist for å sende handlingsplan for kretsen sin aktivitet til Brit Kari var i mai. Oversikt over handlingsplanane ligg ved. Gledeleg med så mykje aktivitet i så mange kretsar ☺ Det er i 2017, som tidlegare, budsjettert med kr 5 000 pr krets. I tillegg er det avsett kr 135 000 som kretsane kan søke om midlar til fleire aktivitetar. Denne potten er godt overskriden utifrå omsøkte og planlagde aktivitetar i kretsane. Arbeidsutvalet ynskjer ikkje å prioritere ned/bort nokon, men heller oppmode kretsane om nøkternheit. Og så kan det påreknast at det vert sett strek når budsjettet er nådd. Men dette er jo berre eit fantastisk luksusproblem, som tyder på entusiastiske og engasjerte kretstillitsvalde, opptatt av tiltak som kan auke tilførslane og skape god relasjon til Nortura i kretsen :-). Kanskje vinn ditt kretsutval premien for mest aktivitet på RU-møtet til hausten...?!

Kretsutvala er sjølve ansvarlege for gjennomføring av planlagde aktivitetar. Dersom det er ynskjeleg med deltaking av tilsette, ber vi om at de tek direkte kontakt i god tid. Det kan verte ein del grillkveldar og julemøter, så det er ikkje sikkert vi har kapasitet til å stille på alt, særleg kveld og helg. Men vi skal gjere så godt vi kan :-). Ta kontakt med Brit Kari for bistand med gjennomføring, og kunngjeringar pr SMS og mail.

Fjøsopningar

Fjøsopningar er ein arena vi ynskjer å vere tilstades på. Vi har eit fyrstehjelpsskrin med Nortura-logo som vi brukar som gåve til eigarar som byggjer nytt eller har gjort større ombyggingar. Nokre fjøsopningar vert arrangert av bygningsfirma o.l., andre kan det vere at kretsutvalet tek initiativ til. Også her ynskjer vi nært samarbeid med kretsutvala, både info om fjøsopningar i kretsen, og kanskje også hjelp til å representere Nortura. Kontaktperson er tilførselsleiar Arne Flatmo.

Open gard

Det er kvart år spørsmål om Nortura sitt engasjement på Open Gard, difor litt info her: Vert arrangert av lokale Bondelag, i hovudsak søndag 27. august. Nortura, TINE og Landkreditt er samarbeidspartnarar, som inneber at mjølk- og kjøtprodukt på Open Gard skal vere frå Tine og Nortura.

Nortura sender ein materiellpakke direkte til arrangør, der antal er avhengig av forventa antal besøkande:

- Forkle og kalottar: Til matlaging
- Nortura refleksvestar: Til parkeringsvakter el.l.
- Nortura termos: Til premiar på konkurransar
- Vertskapsgåve (sendast ut frå Bondelaget)

Nortura sponsar også Nortura-produkt. Arrangør kjøper inn produkta, og får refundert ein sum i etterkant (normalt november). Summen er avhengig av antal besøkande:

- Inntil 500 besøkande: kr 1 000
- 500-1 000 besøkande: kr 2 000
- Over 1 000 besøkande: kr 3 000

Nye arrangørar får også tilsendt banner. Arrangørar som har hatt Open Gard tidlegare vil ikkje få

tilsendt banner, då vi føreset at det vert teke vare på.

Meir info, m.a. oversikt over arrangementa, finnast her: <https://www.bondelaget.no/apen-gard-for-arrangorer/category8124.html>

Nokre kretsutval ynskjer å profilere Nortura ytterlegare på Open Gard arrangementa som ledd i kretsen sin handlingsplan, og kan då gjere det med t.d. smaksprøver, tippekonsurransse på vekt av spekeskinke, fenalår, lam, okse, osv.

Fordeling av kretsar på AU-medlemene

Arbeidsutvalet har fordelt kretsane mellom seg, slik at kvart AU-medlem har spesielt ansvar for å følge opp nokre kretsar. Føremålet er at de som kretstillitsvalde har ein kontaktperson i AU, for oppfølging og dialog. Ikkje nøl med å ta kontakt med "din" AU-medlem, eller evt andre i AU!

	Krets	Kontaktperson
1	Øst-Finnmark	<i>Svein Slåtsveen</i>
3	Midt-Finnmark	<i>Svein Slåtsveen</i>
5	Vest-Finnmark	<i>Svein Slåtsveen</i>
6	Nord-Troms	<i>Fred Tore</i>
7	Tromsø og Karlsøy	<i>Fred Tore</i>
8	Lyngen	<i>Fred Tore</i>
9	Kåfjord	<i>Fred Tore</i>
10	Balsfjord og Storfjord	<i>Fred Tore</i>
11	Midt-Troms	<i>Endre Østbø</i>
12	Astafjord	<i>Endre Østbø</i>
13	ETS	<i>Birgitte Rørvik Bruun</i>
14	Narvik og Ballangen	<i>Birgitte Rørvik Bruun</i>
15	Ytre Sør-Troms	<i>Birgitte Rørvik Bruun</i>
16	Vesterålen	<i>Bjørn Arne</i>
17	Andøy	<i>Bjørn Arne</i>
18	Lofoten	<i>Bjørn Arne</i>
19	Nord-Salten	<i>Ragnhild Engan</i>
20	Midt-Salten	<i>Ragnhild Engan</i>
21	Beiarn	<i>Ragnhild Engan</i>
22	Svartisen	<i>Ragnhild Engan</i>
23	Nord-Helgeland	<i>Ragnhild Engan</i>
24	Ytre Helgeland	<i>Endre Østbø</i>
25	Vega	<i>Bente Børsheim</i>
26	Sør-Helgeland	<i>Bente Børsheim</i>
27	Bindal	<i>Bente Børsheim</i>
28	Hattfjelldal	<i>Bente Børsheim</i>
29	Vefsn og Grane	<i>Bente Børsheim</i>

Marknadsandelar

Kommunevise marknadsandelar siste 12 månader pr veke 22 er vedlagt.

Regionutvalsmøte

Regionutvalsmøtet i haust vert tysdag 7. – onsdag 8. november på Quality Hotel Saga i Tromsø. Set av datoane!

Organisasjonshandboka

Oppdatert organisasjonshandbok er no utsendt. Nyttig hjelpemiddel for tillitsvalde – så bruk ho!

Kontaktinfo AU:

Leder	Svein	Slåtsveen	Bekkarfjord	9740	LEBESBY	95021481	svein.s@online.no
Nestleder	Endre	Østbø	Dønnaveien 626	8820	DØNNA	99356006	e.ostbo@online.no
Medlem	Birgitte Rørvik	Bruun	Tårstadveien 28	8535	TÅRSTAD	97054142	brbruun@online.no
Medlem egg	Bjørn-Arne	Skoglund	Åse	8484	RISØYHAMN	41660808	baskoglund@gmail.com
Medlem gris	Bente R.	Børsheim	Markaveien 34	8980	VEGA	90882005	benterisholm@hotmail.com
Medlem småfe	Ragnhild	Engan		8260	INNHAVET	97701895	krokan@online.no
Medlem storfe	Fred Tore	Fagereng	Lynghaugveien 19	8475	STRAUMSJØEN	95079087	fred.fagereng@gmail.com

Vil til slutt ynskje alle ein god sommar!



Sommarhelsing frå

Svein Slåtsveen
RU-leiar Nord-Norge

Svein Inge Jakobsen
Regionsjef

Brit Kari Eidseflot Hauger
Organisasjonsleiar